

Referat frå møte 2 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	19.11.2025	Møtenr.:	2/2025-2026
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Malene, Olav - elevrådet Ane, Anja - FAU Aina – lærarrepresentant Tore (rektor) - kommunal representant Magne (referent)				
Ikkje møtt:	Cecilie, Anne Merete, Stian (politisk representant)				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	<u>Økonomi</u> - Skulen har eit budsjett i overkant av 34 millionar. Det skal dekke alle utgifter til løn og andre utgifter. Inntekter er i hovudsak foreldrebetaling SFO. - Skulen styrer mot eit negativt avvik på i overkant av kr. 500.000,- - Vikrarutgifter - Ekstra bemanning <u>Besøksdag Dysleksivenleg skule</u> Skulen er i ein prosess for å bli ein Dysleksivenleg skule. Vi har laga ei nettside for å vise kva vi gjer for å hjelpe elevar med utfordringar med dysleksi, språkvanskar og matematikkvanskar. Torsdag 20. november 2025 blir det Besøksdag frå Dysleksi Norge, der ein representant kjem for å sjå undervisning ved skulen, snakke med elevar og føresette til elevar med desse vanskane, lærarar og leiinga. I etterkant skriv representanten ein rapport. Vi håper på å bli godkjent som dysleksivenleg skule i løpet av skuleåret. <u>Studietur til MOT Camp</u> Personalet ved Ågotnes skule reiste torsdag 6.11 til MOT-campen utanfor Trondheim. Vi hadde eit opplegg i regi av MOT, med veksling av teori og teambuildingsoppgåver. Dei tilsette var godt nøgd med opphaldet og mange ga uttrykk for at det var eit godt opplegg med mykje nyttig innhald. Skulen skal vere med i utvikling av SUPER for mellomtrinnet. Vi er ein av 21 skular som piloterer SUPER+ (som er førebels namn på programmet for mellomtrinnet.) <u>Nasjonale prøver - resultat</u>	

	Ågotnes skule har skåra på eller over snittet for landet, og over snittet i fylket og kommunen på alle dei nasjonale prøvane på 5.trinn. Når vi samanliknar med skulane i kommunen, så er vi topp tre i både lesing, rekning og engelsk. <u>Juleavslutningane</u> 1.trinn: måndag 8. desember 2.-3.trinn: onsdag 10. desember 4.-5.trinn: tysdag 9. desember 6.trinn: torsdag 11. desember 7.trinn: måndag 15. desember Tider alle dagar: - Kafé kl. 17.30-18.00 - 18.00-18.15: Foreldre ryddar klasserom, tilsette klargjer i gymsal med elevar - 18.15: Program i gymsal	
Saker frå SFO:		
Saker frå elevrådet:	SUPER-leik Elevrådet har tatt tak i friminutta etter at skulen slutta med TL. Malene fortel at vi nyttar dei leikane og utstyret vi hadde etter TL, og elevrådsrepresentantane hadde ansvar for gjennomføringa i friminutta. Dei har laga ein plan for tre veker og så har dei ein kort pause. Deretter vert det nye veker med litt andre leiker/aktivitetar. Vi planlegg å lage nokre nye vestar til SUPER-leik-leiarane og ønskjer å merke dei med SUPER-logoen.	
Saker frå FAU:	Synfaring av trafikk i skulen sitt nærområde med ordføraren - Ordføraren har kontakta skulen og ønskjer å vere på ei synfaring for å sjå på utfordringane knytt til trafikk. - Synfaringa blir måndag 1. desember kl. 10.00-11.00. - FAU stiller med leiar og nestleiar - Frå skulen møter: Rektor og avdelingsleiar - Invitere styrar i Ågotnes barnehage - Stader vi ønskjer å sjå nærare på i synfaringa: - o Overgang ved transformatorstasjon - o Overgang aust for bussterminalen - o Overgang vest for bussterminalen til Valderhaug FAU har fått tilbakemelding om at det er "bybussar" som køyrer elevane våre på vestsida. "Bybussane" har færre sitjeplassar og fleire ståplassar enn tradisjonelle bussar. Dette fører til at det er mange elevar som må stå på bussen. Rektor vil ta kontakt med	



Ågotnes skule

	Skyss og be om at det vert sett opp ordinære bussar med fleire sitjeplassar.	
--	--	--

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen
2
5337 RONG

Konto.nr.
1506.24.29981

Org.nr.
922 53 0890

Telefon
56 16 00 00

E post
postmottak@oygarden.kommune.no